

MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer:	Plannamn: Detaljregulering for konsentrert bustadområde 58/1 m.fl., Langevåg	PlanID: 202205
Dato: Mars 2026	Merknader knytt til: Offentleg ettersyn	Sakshandsamar:

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Vestland fylkeskommune, 17.10.2025	<p><u>Automatisk freda kulturminne</u></p> <p>Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Arealet som ikkje er nedbygd består av mykje skrinnt berggrunn, og blir vurdert til å ikkje ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka. Saka har og blitt vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum, dei kjenner ikkje til marine kulturminne som kan verta råka.</p> <p>Regional kulturmiljøstyresmakt har ingen vidare merknader til planen utover å gjera tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.</p>	Teke til orientering
Statsforvaltaren i Vestland, 20.10.2025	<p>Arealet utgjer ein siste rest av «naturleg strandsona» og dette kan ha verdi for nærmiljøet, som landskapselement og til dels tilgjengeleg areal (det er noko bratt).</p> <p>Kaiområdet skal vera felles for bebuarane i bygget, og opent for ålmenta. Det kan plasserast ut bord og benker i området. Rår til at kommunen vurderer om bord og benker også kan ha ein privatiserende effekt. Bør vurdere behov for supplerande føringar for å sikre reel moglegheit for at arealet er tilgjengeleg for ålmenta.</p> <p>Vi legg til grunn at kai skal etablerast som tre/betongplate på pelar, og ikkje som fylling i sjø. Ev. fylling i sjø krev vurderingar av konsekvensar for tilgrensande areal og planen opnar ikkje for dette. Rår til å unngå overskotsmassar, og at utbygging av tomta i størst mogleg grad vert tilpassa landskapet, jf. spr. for sjø.</p> <p>Det skal leggjast til rette for 1,5 p-plassar for bueining mellom 60 – 90 m² og 2 plassar for bueining på 90 m². Rår til å avgrense parkeringsarealet. Bueiningane er sentrumsnære, og kommunen</p>	<p>Arealet er sær bratt og størsteparten av arealet er ueigna for opphald i den nære strandsona. Som landskapselement har det ein verdi, men området er òg tidlegare regulert til utbyggingsområde.</p> <p>Det skal etablerast sti-tilkomst ned til kai-området innanfor BG1 – denne vil gjera området tilgjengeleg for ålmenta. Bord og benkar kan nyttast av bebuarar og ålmenta.</p> <p>Det er lagt føringar for at kai skal etablerast på pelar, og ikkje fylling i sjø.</p> <p>Bømlø kommune har stilt parkeringskrav til planen. Tiltakshavar er open for å redusere kravet.</p>

	bør vurdere om det er eit reelt behov for alle p-plassane. Rår til å nytte arealet til bustad og gode uteområde.	
Statens vegvesen, 16.09.2025	Oppfattar at planforslaget følgjer opp innspel til oppstartsvarselet. Positivt at forslaget sikrar etablering av kryssingsmoglegheit for å kome til gang- og sykkelveg på motsett side av fylkesvegen. Vi legg til grunn at vegløysingane for fylkesveg er avklart med vegmynde Vestland fylkeskommune.	Teke til orientering. Vegløysinga er avklart med Vestland fylkeskommune.
NVE, 10.10.2025	NVE si generelle tilbakemelding Viser til «Kartbasert rettleiar for reguleringsplan» og våre nettsider for arealplanlegging, https://www.nve.no/arealplanlegging/ Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og «Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredningar».	Teke til orientering
Karmsund Hamn IKS, 17.10.2025	Anbefalar at det vert tatt inn i planbestemmelsene krav om etablering av redningsstige ved småbåtanlegg. Noterer at det er tatt inn at tiltak som havner inn under havne- og farvannslovens bestemmelser skal godkjennes av havnemyndighet, og minner om at tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i farvannet krever særskilt tillatelse etter lov om havner og farvann av 21. juni 2019 § 14.	Krav om redningsstige er lagt inn i føresegn § 4.5 Teke til orientering
Gerd Lodden Solberg, Stein Egil Sakseid og Tor Inge Sakseid, 13.10.2025	Positivt av Langevåg sentrum vert utvikla vidare. Utviklinga må gjerast slik at kvaliteten som kystkulturstad vert tatt vare på. Det gjeld både byggeskikk og biologisk mangfald på land og i sjø. Planlagt bygg vil bli dominerande både med tanke på høgd og utsjånad, og bryt med byggeskikk elles i Langevåg. Forslaget bygger og ned eit restareal som vil vera viktig for biologisk mangfald langs stranda. Planlagt bygg bryt med kvalitetane Langevåg har som kystkulturstad. Utvikling av Langevåg bør skje på andre stader enn på den naturlege strandlinja som er igjen.	Forslaget vil bygge ned eit naturleg areal i området, men arealet er allereie vist som utbyggingsområde i eldre plan. Området er bratt og lite eigna for opphald. Illustrasjonar av mogleg utbygging er ikkje juridisk bindande, berre illustrasjonar av mogleg utbygging. Det er fleire innslag av meir moderne bygg i Langevåg, og området er i stadig utvikling. Sentrumsområdet har lite einsarta bebyggelse, og toler godt noko meir moderne arkitektur. Det er lagt inn føresegner for bruk av trekledning på bygget for betre samhandling med nabobygg. Området består i hovudsak av svaberg som strekk seg ned i sjø.